

Årsmelding for IL Bjørn Handball 2011.

IL Bjørn Handball har for sesongen 2011/2012, 8 lag som er med på ordinært seriespel. I tillegg har vi også tilbod om minihandball for aldersgruppa 9 år. Totalt er det med 115 utøvarar på treningar og kampar. Dette er ein nedgang på 13 utøvarar frå sist sesong. For handballgruppa utgjer totale aktivitetstimer for gjennomførte treningar og kampar i 2011 om lag 12 000 timer, dette er litt mindre enn i 2010. I tillegg kjem den tida som vert lagt ned av trenarar og lagleiarar.

Handballgruppa har dei siste åra hatt eit mål om å få til eit godt tilbod for gutter og har i år påmeldt lag for 9, 10 og 11 år. På gutter 11 har vi også med to eldre spelarar på dispensasjon, og vi håpar å få til eit betre tilbod til dei neste sesong. Vi ser at tal gutespelarar er omtrent på same nivå som sist sesong, sjølv om vi skulle ønskje ei auke i denne gruppa.

Handballgruppa til IL Bjørn har i mange år hatt flest jentelag og denne sesongen har det vore tilbod for alle i aldersgruppa 9 – 14 år + damelaget. Aldersgruppa 15 år har ikkje eige lag men nokre av dei har trena med jenter 14. Det er også ei utfordring på jentesida å få dei til å halde fram ut over 14 – 15 år. Dette er spesielt beklageleg for dei som ønskjer og satse samt også for vidarerekutteringa til seniorlaget.

Vi har også denne sesongen seniorlag for damer, med 18 aktive spelarar. Laget har prestert mange gode kampar og resten av sesongen blir spennande. Per i dag ligg laget på 1. plass i 5.divisjon avdeling 2. Av 7 spelte kampar har laget vunne 6 kampar, 0 uavgjort og 1 tap.

For dei aller yngste har ein størst fokus på at det skal være moro å spele handball. I dei eldste klassane er det naturleg at ein er meir oppteken av prestasjon og resultat. Resultatmessig så hevdar dei ulike laga seg ganske godt.

Denne sesongen er alle i styret nye, slik at fokus for oss har vore å kome skikkeleg inn i alle oppgåvene våre. Andre oppgåver, og mål har difor ikkje vore prioritert dette første året.

Vi har hatt nokon som har gjennomført trenaroplæring for dei yngste, og fekk gode tilbakemeldingar frå desse. Vi skulle gjerne ønskje at fleire ville ta både dommar og trenar kurs, og kjem til å sende ut invitasjonar med jamne mellomrom.

Etter at sesong er ferdig har det vorte ein tradisjon med felles avslutning for trenarar og lagleiarar. Her er stor oppmøte til denne kvelden, og vi får berre positive tilbakemeldingar på denne avslutninga.

Styret i Handballgruppa

Fram til årsmøtet 2011 – Svein Ove Slinde (Leiar), Trine Hess Elgersma og Linn Beate Sjølie
Frå årsmøte 2011 – Line Pedersen Døsen (Leiar), Heidi Karin Njøs og Bjørg Reidun Torgersen
Styret har hittil hatt 4 styremøter i sesongen 2011/2012 der 1 møte var felles med lagleiarar og trenarar.

Nes 14. januar 2011

Line Pedersen Døsen
Leiar Handballgruppa 2012